



Reigstad Bygg & Eigedom AS  
Gjervik Ytre  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1658 - 16/19968

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
14.07.2016

## Løyve til etablering av mellombels brakkerigg gbnr 234/83 Eide ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 373/16**

**Tiltakshavar:** Tom Staurbakk AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av mellombels brakkerigg i samband med tunnellarbeid langs E39, riggen er mellombels og skissert å verte ståande i inntil 1 år. Riggen har ytre mål på 7,4 x 17,9 meter.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar/Tiltakshavar ved brev av 10.06.16, der samtykke frå Arbeidstilsynet vart etterspurd.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.07.16 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Ostereidet senter – Kisthaugane, utviding/1263-200101er definert som bustad- og forretnings- føremål]. Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er TU =50%.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 05.04.16. Rigggen vert plassert på plass som tidlegare har vore nytta til anleggsrigg.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4,0 meter.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Avstand til vegmidte offentleg veg er opplyst å vere 9,8 meter, i samsvar med regulert byggegrense. Det er søkt om topp golv på kote ca. + 93,5.

### **Vatn og avløp (VA)**

Det er søkt om og gjeve aksept for tilknytning til off. leidningsnett VA for mellombels brakkerigg i brev datert 26.05.16.

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Området som brakkerigggen er søkt plassert på har regulert avkjørsle via avkøyning til «Ostereidet senter» mot nord-aust. Det vert gjeve mellombels avkjørsleløyve til parsellen brakkerigggen vert ført opp på frå sør-aust. Avkjørsla må avgrensast for å hindre at det oppstår trafikkfårlege tilhøve.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av brakkerigg. Rigg vert plassert på areal som vart planert ut i samband med oppføring av boligbrakke i sak 08/53 på dåverande gbnr. 234/71

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar i høved den funksjon brakkerigggen skal ivareta jf. pbl. § 29-2.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre fullmakt frå heimelshavar av gbnr. 234/83 til å forestå søknad etter plan- og bygningslova og etter forureiningslova. Fullmakt er signert 18.05.16. Privatrettslege tilhøve er vurdert å vere tilstrekkeleg dokumentert jf. pbl. § 21-6.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 bokstav b jf. § 20-4 bokstav c vert det gjeve mellombels løyve til etablering av brakkerigg på eigedom gbnr. 234/83. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 05.04.16 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Løyvet er mellombels og har gyldighet i 1 år, til 15.07.17.
3. Tiltaket vert mellombels knytt til kommunalt vatn- og avløpsnett jf. skiv frå Teknisk drift datert 26.05.16, det skal monterast vassmålar. Når vassmålar vert demontert skal det meldast til Teknisk drift.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Det vert gjeve mellombels avkøyrsløyve til parsellen brakkeriggen vert ført opp på frå sør-aust. Avkøyrsla må avgrensast for å hindre at det oppstår trafikkfårlege tilhøve. Avkøyrsløyvet er mellombels og har gyldighet i 1 år, til 15.07.17.

Tiltaket er mellombels og er ikkje rekna for varig opphald, tiltaket skal ikkje avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1 1.ledd bokstav b). Tiltaket skal vere fjerna og plassen rydda til 15.07.17.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1658

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tom Staurbakk

Sivert Nielsens gt. 8007  
54

BODØ

**Mottakarar:**

Reigstad Bygg & Eigedom AS

Gjervik Ytre 5914

ISDALSTØ